

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C50, TI - &30	14/653

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
57/2015	Utval for levekår	PS	03.11.2015

## Planprogram for kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021

### Vedlegg:

Merknad planprogram Sogelaget

Kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021 - Planprogram på høyring - kulturminnefagleg fråsegn

Planprogram - Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for levekår vedtok i møte 3.6.2014, ULK-sak 27/2014, oppstart av arbeid med kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021. I same sak blei det vedtatt at utvalet skal vere styringsgruppe for planen.

I møte den 16.9.2014, fekk utvalet fekk ei orientering om kulturminneplanarbeidet med påfølgjande diskusjon og innspelsrunde.

Framlegg til planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016 – 2021 vart sendt på høyring den 25.2.2015 etter godkjenning av Utval for levekår i møte den 17.2.2015, ULK-sak 09/2015. Frist for å levere merknad var 7.4.2015. Planprogrammet ligg no føre etter høyringsrunden.

Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Meland kommune 2014–2016.

#### Vurdering

Det kom inn merknader frå Meland sogelag og Hordaland fylkeskommune. Desse ligg ved denne saka.

**Meland Sogelag** legg fram 4 hovudpunkt i sin merknad, summert under:

- 1: Generelt har ikkje sogelaget «funne noko som treng leggjast til planprogrammet».
- 2: Sogelaget vil gjerne vere med på registreringarbeidet, men ser at det òg kan verte trong for å ta i bruk betalte tenester sida arbeidet vil vere omfattande.
- 3: Systematisering av det store arkivmaterialet som er samla inn, bør gjerast som ein del av registreringsarbeidet.

4: Utfordringane ved gjenstandssamlingane i kommunen.

#### Kommentar

Kulturavdelinga ser det som svært positivt at sogelaget ønskjer å vere med på registreringsarbeidet. Vidare ser vi det som naturleg å sjå på om ein skal nytte betalte tenester i registreringsarbeidet, særleg med tanke på digitalisering. Arkivmaterialet er svært omfattande og av stor verdi. Å sikre dette bør vere ei av hovudoppgåvene i arbeidet. Ein slik systematisering vil kunne verte for omfattande til å vere ein del av planarbeidet i seg sjølv, men vil kunne verte eit høgt prioritert tiltak i planen. Det same gjeld situasjonen for gjenstandsmaterialet og magasinspørsmålet. Vi vurderer problemstillingene til å vere representert i planprogrammet og arbeidsopplegget.

**Hordaland fylkeskommune** legg fram tre innspel til sjølve planprogrammet.

1: Hovudmålet med arbeidet bør vere at tap av kulturminne skal reduserast samtidig som dei må sjåast som ein innsatsfaktor i lokal samfunnsutvikling. Det lokale eigarskapet til planen vil vere eit viktig reiskap for å få til dette. Dei peiker vidare på behovet for folkemøte og involvering av frivillige. Planen bør prioritere kulturminne ut frå kva som er det særeigne ved Meland si historie og utvikling.

2: Planen bør verte innarbeid i kommuneplanen sin arealdel med generelle føresegn og omsynssoner.

3: At ein òg nyttar databasen Askeladden og faglege rapportar knytt til arkeologi og nyare tids kulturminne.

#### Kommentar

Slik kulturavdelinga ser det oppfyller dei eksisterande måla dette, særleg sett saman med arbeidsopplegget.

Planen kjem etter at ny kommuneplan er vedtatt. Omsyn til kulturminne er likevel tatt med, mellom anna ved fleire omsynssoner. Ved ei rullering av kommuneplanen bør kulturminneplanen verte innarbeidd i denne.

Askeladden og ulike kulturminnefaglege rapportar er allereie kjende og innarbeidde reiskapar for kommunen og implisitt ein del av kjeldematerialet. Dei er nå spesifikt tatt inn i planprogrammet.

#### **Folkehelse**

#### **Miljø**

#### **Økonomi**

Ikkje vurdert i saka

#### **Konklusjon**

Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 ligg føre etter høyringsrunden i mars-april 2015. Det har komme to innspel til planprogrammet. Framdriftsplanen er òg revidert og justert. Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Meland kommune 2014–2016.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 vert godkjend slik det ligg ved denne saka.»

**Utval for levekår - 57/2015**

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021 slik det ligg ved denne saka.»